



Leiar Tove Lill Lakselv (Frp) frå Uskedalen var på plass att med klubba under det siste møte i forvaltningskomiteen. Ho har hatt fødselspermisjon. – Det var greitt å sleppa saksdokument i ein periode, men no er det kjekt å vera igong att, sa partileiaren. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Politikarane i forvaltningskomiteen hadde berre godlåt då dei handsama planane for Vertshuset. Som rådmannen sa dei prinsippielt ja til eit takoppløft slik at det kan byggjast 4-6 utleieleiligheiter på toppen frå hausten. Leiligheitene vil styrkja driftsgrunnlaget for eigdommen og forsvare drifta av serveringsdelen.**

Jostein Grov (SV)uttrykte seg slik:

- Dette er eit bra prosjekt, det samsvarar med planane som gjeld for området og vil føre til at det blir liv i huset. No blir det eit samla turistområde der nede.

Morten Vetvatne (H) slutta seg til orda frå Grov:

- Ja, no blir det meir liv i oimrådet. Ei satsing på utleieleiligheiter vil styrka det maritime miljø og resultatet blir at innbyggjartalet aukar i Uskedalen.

Også ei anna sak som kan gje bygda fleire arbeidsplassar vart "klappa igjennom" av forvaltningskomiteen. Ingen tok ordet og alle var samde i at reguleringsplana for Uskedalen Sandtak bør leggjast ut til offentleg ettersyn slik ho no føreligg. Plana inneber at det skal takast ut 1.400.000 kubikkmeter støypesand og det vert antyda at uttaket vil strekkja seg over rundt 20 år.

Politikarane hadde heller ikkje nokon merknad til den nye føreslegne løysinga i saka om bygging av eit hus nummer to for Tor Ove Rød. Den inneber at det nye huset ikkje blir bygd nede i strandsona, men vert trekt opp i tunet og blir ein integrert del av det.

Av Ola Matti Mathisen



Jostein Grov (SV) uttala seg svært positivt om dei nye planane for Vertshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)